

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat etter soknerådsmøte nr 04/2026

Dato/tid: tysdag 14. april 2026, kl. 17:30

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Desse møtte: Trygve B Myrliid, Maria E Sørheim, Ingebjørg P Grøtt, Eli G Torsnes

Forfall: Sveinung Toreid og Ida Sofie Håheim

Vara: Arjen Stolk

Frå staben: Anne Karin Stormyr

Saksliste

| | |
|----------------|--|
| 23/2026 | Godkjenning av saksliste og innkalling. Saklista og innkallinga vart godkjent. |
| 24/2026 | Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 03/2026. Referatet vart godkjent. |
| 25/2026 | Plan for trusopplæring (Anne Karin blir med her) Anne Karin hadde ein gjennomgang av kyrkjemusikkplanen, diakoniplanen og trusopplæringsplanen i Jondal sokn. Ho viste til nettstaden “Kirka vår” der desse planane skal liggja. Det er ynskjeleg å samla desse tre ulike planane i ein heilskapleg plan for soknet. Anne Karin har hatt ein 15% stilling som trusopplærar, men har no sagt opp denne stillinga. Soknerådet er samde om å prøva å rekruttera ein lokal person til stillinga før ei eventuell utlysing. Maria skal høyra i Fellesrådet om kva som skjer i dei andre sokna på dette området. Anne Karin meiner at leiaren i soknerådet burde ha lesetilgang til nettsidene til “Kirka vår”. Trygve og Anne Karin held kontakt vidare om denne saka. |
| 26/2026 | Dugnad i april – planleggja – kva oppgåver skal utførast? Dugnaden på kyrkjegardane i Jondal og Herand vert laurdag 25.april. Kyrkjegardsarbeidaren i Jondal er for tida sjukemeld og det vert arbeidd med å skaffa vikar. Aktuelle oppgåver for kyrkjegarden i Jondal er å raka lauv, fjerna greiner, få vekk grastuer i grusen rundt kyrkja, vask av utvendinge veggjar mm. |
| 27/2026 | Planleggja verdensdagen for psykisk helse Denne saka vart utsett til neste møte i soknerådet. |

| | |
|----------------|---|
| 28/2026 | Status for nytt kjøkken og oppgradering av lydanlegg. Sidan sist møte har det ikkje skjedd noko i “kjøkkensaka”. Når det gjeld oppgradering av lydanlegget har Trygve sendt eit tilrådingsskriv til kyrkjevevja. Kyrkjevevja ynskjer eit møte om saka. Fellesrådet har allereie godkjent oppgraderinga. |
| 29/2026 | 50-års konfirmantjubiläum – planlegging I år er det dei som vart konfirmerte 1976 som er jubilarar. Trygve har kontakta kyrkjekontoret og får lista over kven dette gjeld. Han sender ut invitasjon når det er avklart dato i september for konfirmantjubiläumet og for presentasjon av neste års konfirmantar. |
| 30/2026 | Eventuelt Kantor Anne Karin Stormyr orienterte om planar om 17.mai-kor, jule-kor og påske-kor. Soknerådet skal prøva å oppmoda aktuelle personar til å vera med på desse “prosjekt-kora”. Jondal grendakor har for tida få aktive medlemmar og det er viktig å motivera/invitera folk til å vera med der. Arjen Stolk tok opp bruken av gudstenesteark(Liturgien) på møtet. Det kan vera frustrerande for dei som kjem på gudstenesta når det ikkje er samsvar mellom det som skjer i gudstenesta og det som står på gudstenestearka. Viktig at dette er korrekt. Trygve tok opp om det er trong for hjelp til konfirmantfesten i Bedehuset den 30.april og om soknerådet skal ha stand på Landsbydagen 26.mai (Inkluderande kyrkje) Dette var noko soknerådet snakka om under samrådingmøtet i Odda laurdag 11.april. Maria skal kontakta Arne om desse spørsmåla. |

Møtet vart heva kl 19.00

Torsnes, 15.april 2026

Eli Galtung Torsnes

Skrivar